



ARBEID

Utvalssak nr.	Utval	Møtedato
159/05	Plan- og miljøutvalet	28.09.05

Utbyggingsplan for delområde B15 i godkjent reguleringsplan for Juvikstølen bustadfelt.

2. gongs handsaming.

Saksdokument vedlagt:

Framlegg til utbyggingsplan datert 11.03.05 (jf. vedtak i PM, sak 106/05 om offentlig utlegging av planen)

Saksdokument ikkje vedlagt:

Som nemnt i sak 117/05 frå møte i det faste utvalet for plansaker/plan- og miljøutvalet den 16.06.05.

AnnONSE datert juni 2005 om offentlig utlegging.

Brev datert 01.07.05 til grunneigarar , private- og offentlege instansar.

Brev datert 13.07.05 frå Fylkesmannen i Hordaland, Miljøvern avdelinga

Brev datert 02.08.05 frå Nordhordland og Gulen Interkommunale Renovasjonsselskap

Saksutgreiing:

Saka skal avgjerast endeleg i det faste utvalet for plansaker/plan- og miljøutvalet.

Framlegget til utbyggingsplan for delområde B15 i godkjent reguleringsplan for Juvikstølen bustadfelt, vart 1.gong handsama i plan- og miljøutvalet i møte den 16.06.05 i sak 117/05 med vedtak om å leggja planen ut til offentlig ettersyn utan vilkår.

Planområdet som er på om lag 3,5 daa inneheld fem vertikaldelte 2-manns bustader. Utbygginga som fører til utnyttingsgrad (TU) på 42 er 2% over det reguleringsplanen legg opp til. Føresegnene for reguleringsplanen gjeld også for delområde B15.

Planframlegget har vore kunngjort i Nordhordland Avis ved full distribusjon, og har vore lagt ut til offentlig ettersyn i tidsrommet 01.07 – 15.08.05. dessutan har grunneigarar som er råka av planen , samt private og offentlege instansar fått planen til uttale.

Det er etter fristen for offentlig utlegging kome følgjande uttaler/merknader til planframlegget.

Nordhordland og Gulen Interkommunale Renovasjonsselskap (NGIR) har i Brev datert 07.07.05 merknader til stad- og tilkomst for tømning av avfallsdunkar i utbyggingsplanen.

Generelt bør det i regulerte området setjast av samlepass(ar) som er stor(e) nok til å ta imot to dunkar frå kvart hushald og dimensjonert for å kunna ta mot bossbilen. Det er også eit ønskje at tilkomsveg og snuplass bør ha fast dekke og brøytast om vinteren når det er snø og is.

Kommentarar:

Merknadene frå NGIR må utbyggjar taka med i tilrettelegginga av planområdet.

Fylkesmannen i Hordaland, Miljøvernavedeliga har i brev datert 13.07.05 skal m.a. sikra at planarbeidet ligg innanfor rammene av overordna areal- og miljøpolitikk. Dei overordna politiske måla går m.a. fram av stortingsmeldingar, rikspolitiske retningsliner, rundskriv og fylkes(del)planar.

Planforslaget gjev ikkje haldepunkt for at overordna miljøvern syn som høyrer under fylkesmannen sitt ansvarsområde vert skadelidande i nemneverdig grad. Dei minner elles om at det er eit kommunalt ansvar at også lokale miljøvernomsyn vert ivaretekne.

Kommentarar:

Både reguleringsplanen for Juvikstølen og utbyggingsplan for delområde B10A er i tråd med godkjent kommunedelplan for Knarvik-Isdal-Alver. Dei overordna og lokale miljøomsyna skulle etter dette vera ivaretekne.

Vurdering:

Merknadene som er kome inn etter at utbyggingsplanen var lagt ut til offentleg ettersyn er ikkje av ein slik karakter at planen treng endrast

Vurdering av miljøkonsekvensar:

Har vore vurdert i kommunedelplanen og reguleringsplanen. Ingen nye moment er kome fram i denne planprosessen med utbyggingsplanen.

Rådmannen gjer slikt framlegg til vedtak:

I medhald av plan- og bygningslova § 28-2 vert utbyggingsplan for delområde B15 i godkjent reguleringsplan for Juvikstølen bustadfelt godkjent.

Føresegnene for reguleringsplanen gjeld også for delområde B15.

Utbyggjar er ansvarleg for at det vert tilrettelagt turvande stad- og tilkomst for tømning av avfallsdunkar i planområdet.

Annonsering/kunngjering av utbyggingsplanen vert utført så snart kommunen har motteke planen på SOSI-format, versjon 3.4.

Handsaming i Plan- og miljøutvalet - 28.09.05:

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

Vedtak i Plan- og miljøutvalet - 28.09.05:

I medhald av plan- og bygningslova § 28-2 vert utbyggingsplan for delområde B15 i godkjent reguleringsplan for Juvikstølen bustadfelt godkjent.

Føresegnene for reguleringsplanen gjeld også for delområde B15.

Utbyggjar er ansvarleg for at det vert tilrettelagt turvande stad- og tilkomst for tømning av avfallsdunkar i planområdet.

Annonsering/kunngjering av utbyggingsplanen vert utført så snart kommunen har motteke planen på SOSI-format, versjon 3.4.